

Referat frå elevrådsmøte 06-01-15

Alle møtte.

Sak 24 / 14-15 : Godkjenning av referat frå møte 27-11-14

Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 25 / 14.15 : Kommunedelplan for skule 2014-2018

Lærer orienterte kort om planen. Det er verdt å merka seg at det i planprogrammet som er vedteken 27-11-14 ikkje er nemnt noko om nedlegging av Myking skule. Elevrådet ønskjer å behalda Myking skule fordi : Skulen er sentrum i bygda, fleire generasjonar brukar han, ein liten skule kan ha fleire aktivitetsdagar, meir oversiktleg med færre elevar, det er ingen mobbing på skulen, mindre bråk, alle elevane får hjelp i timane, mange har kort reise til / frå skulen.

Leiar og nestleiar i elevrådet, saman med rektor, tillitsvald og representant frå FAU er innbedne til orienteringsmøte torsdag 08-01-15 kl 16.30 – kl. 18.30 i Nordhordlandshallen.

Denne gruppa blir kalla referansegruppe. Leiar og nestleiar gir tilbakemelding på neste elevrådsmøte.

Myking skule, 06-01-15

Margunn D.S. (ref.)